

B - 1

Ronny Sleire
Melandsvegen 96
5918 FREKHAUG

SØKNAD OM DISPENSASJON TIL BYGGING INNANFOR LNF
OMRÅDE GNR12 BNR17.

Eg søker med dette om dispensasjon for bygging innanfor LNF området. Dispensasjonen gjeld riving av etasjer på ein bygning som står oppført på eigedommen min. Denne har før vore brukt som driftsbygning, for tidlegare brukar. Bygningen er no tenkt nytta som redskapshus/garasje, samt for lagring av ved til familien.

Løa er oppført i 1964 med gammal material, og er i ein heller dårlig stand. Eg ser det derfor som eit bedre alternativ å rive og gjenoppbygge bygget. Bygget er planlagt innanfor arealet til eksisterende bygning, med unntak av eit hjørne som er planlagt utvida, slik at bygningen blir meir kvadratisk.

Takkonstruksjonen vil bli snudd, dette for at dette vil bli meir estetisk i forhold til våningshuset, og for at dette vil vere meir bruksvennlig til det nye bruksområdet. Taket er planlagt til å ha samme vinkel som våningshuset, og høgde frå mark vil vere den samme som for eksisterende bygning.

Nabovarsel er sendt til tilstøtende naboer utan anna enn positive merknader. Den nye bygningen vil etter mitt syn ikke medføre noko ulempe for naboer, det vil ikke påvirke utsikt i negativ retning.

Med helsing Ronny Sleire